

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 28. august 2025

Navn	Signert med	Tidspunkt
Kari Vevle Reigstad	BankID OIDC	2025-09-03 13:52:52
Bjarte Hammer Aarland	BankID OIDC	2025-09-03 10:29:29



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Osterøy sokneråd

Dato og tid: 28.08.2025, 17:00

Stad: Kyrkjesenteret i Lonevåg

Saksmappe: OS2025-36

Til stades: Bjarte Aarland (leiar), Kari Vevle Reigstad (Nestleiar), Anne Cecilie Skeidsvoll (Medlem), Evy Bysheim Pedersen (Medlem), Kristin-Merete Nøttveit (Medlem), Liv Rivenes (Medlem), Magne Roald Vikne (Medlem), Miriam Skjelvik Kalland (Medlem), Otto Mo (Medlem), Sigmund Faugstad (Andre innkalte)

Forfall: Jan Roald Myking (Medlem)

Protokollfører: Linda Gripsgård Lunga

Astrid Marie Haugland møtte som sokneprest.

Sakslista

Faste Saker

028/25 FR - Godkjenning av protokoll

029/25 FR- Godkjenning av innkalling og saksliste

Møtesaker

030/25 FR - 4 års økonomiplan

031/25 FR - Oppdatering Bruvik kyrkje etter vatnskade i sommar

032/25 FR - Utvendig vask av Bruvik og Hosanger kyrkje

033/25 FR - Fredning av grav på Bruvik kyrkjegard

034/25 FR - Søknad om vidare permisjon frå Osterøy sokneråd

035/25 SR - Diakoniplan

Orienteringssaker

00011 Informasjon frå kapellanen Ida Greve

00012 Roar Moen har meldt flytting til Arna.

00013 Anine og "Kirka vår"

00014 Permittering av kyrkjegardsarbeidar

leiar

Nestleiar

028/25 FR - Godkjenning av protokoll

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	28.08.2025	028/25

Saksframlegg

Godkjenn protokoll fra møte 10.06.25

Vedtak

Godkjent.

029/25 FR- Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	28.08.2025	029/25

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og saksliste

Møtebehandling

G

Vedtak

Godkjent.

030/25 FR - 4 års økonomiplan

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	28.08.2025	030/25

Saksframlegg

Utkast til fire års økonomiplan 2026-2029 vart sendt til Osterøy kommune v/økonomisjef Øyvind Johannesen 27.juni. Endeleg plan har frist på 30.august.

Det er henta priser på kostnad av reparasjon av taklekkasje i spir på Bruvik kyrkje og Hosanger kyrkje som forhåpentligvis vert lagt til den endelige økonomiplanen. Eg har ikkje mottatt pris endå.

Kyrkjeverja og Jan Roald Myking har gått gjennom utkastet og vil presentere tala på møte.

Økonomiplanen ligg som vedlegg til saka. NB! Du må laste den ned for å sjå heile dokumentet.

Forslag til vedtak

Osterøy sokneråd godkjenner økonomiplanen.

Møtebehandling

Soknerådet spør om tilhengaren på bilen kan brukast til å frakte gravemaskina, dersom lastebilen skulle svikte?

Det har kome inn litt ekstra i festeavgift for 2025 og noko av pengane vil bli brukt på å fjerne gamle gravsteinar.

Reparasjon av tak på Bruvik og Hosanger kyrkje settes til 2026 i budsjettet og budsjetteres med kr 1 500 000,-.

Kjøp av gravemaskin og lastebil flyttes til 2027.

Oppstart minnelund settes til 2027 og anslås til kr 650 000,-.

Vedtak

4 års økonomiplan godkjent med overnevnte endringer.

031/25 FR - Oppdatering Bruvik kyrkje etter vatnskade i sommar

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	28.08.2025	031/25

Saksframlegg

10.juli vart det oppdaga at varmtvatnbehaldaren på toalettet i Bruvik kyrkje hadde sprukket i røret inntil behaldaren. Det hadde spruta varmt vatn ut i rommet i anslagsvis 2 veker. Det var spredd seg til gangen, dåpssakrestiet og prestesakrestiet. Rørleggar og lokalt brannselskap på Osterøy rykka ut same dag og fekk meldt dette til forsikringsselskapet saman med kyrkjevevja. Veggpanel er tatt bort i alle rom og alt av vegg, golv og tak vert fjerna på toalettet.

I sommar har det stått på varmeovnar som har tørka ut det våte. Når dette no skal setjast i stand igjen ser vi høve til å legge rør frå toalettet inn til dåpssakrestiet og sette opp et lite kjøkken der. Alt anna arbeid går på forsikringen med ein eigenandel på 25 000,-. Rør inn til dåpssakrestiet vil koste ca kr 10 000,- inkludert vatnstoppealarm, eit lite kjøkken med vask, komfyr og kjøleskap frå Ikea ca 10 000,- og litt utstyr og nokre enkle møbler ca 10 000,-.

Forslag til vedtak

Soknerådet vel å oppdatere Bruvik kyrkje med eit lite kjøkken i dåpssakrestiet og ei oppdatering av romma til anslagsvis pris 30 000,-.

Vedtak

Soknerådet vedtek bruk av ca kr 30 000,- til oppdatering av sakrestia i Bruvik kyrkje. Blant anna eit lite kjøkken.

032/25 FR - Utvendig vask av Bruvik og Hosanger kyrkje

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	28.08.2025	032/25

Saksframlegg

Både Bruvik og Hosanger kyrkje er ganske skiten på utsida. Hosanger kyrkje treng vask og kalking. Eg har tatt kontakt med Akasia, som gjorde denne jobben sist og bedt om pris, men manglar tilbud foreløpig. Bruvik kyrkje treng utsidig vask. Skal frivillige spørjast om denne oppgåva eller vil soknerådet betale for vask? I Masfjorden hadde dei fått Fasadevask AS til å vaske ei vanleg trekyrkje for ca kr 20 000,-.

Forslag til vedtak

Kyrkjeverja ber Fasadevask om vask av Hosanger kyrkje utvendig i haust og utset vask av Bruvik kyrkje til våren.

Møtebehandling

Sjekke priser for kalking og vask hos Akasia. Bruvik kyrkje må ha litt oppdatering på utsida før vask.

Vedtak

Hosanger kyrkje kan vaskast utvendig i haust, medan Bruvik kyrkje vert utsatt til våren 2026.

033/25 FR - Fredning av grav på Bruvik kyrkjegard

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	28.08.2025	033/25

Saksframlegg

Det har kome skriftleg søknad om å freda grava til Johannes Stokke på Bruvik. Her er søknaden frå Hild Solveig Breivik:

Med dette vil eg søkja om freding av grava til Johannes Stokke (1901- 1948)• Johannes var sokneprest i Bruvik prestegjeld på 1940- talet . Han døydd av kreft i prestegarden på Bruvik medan han var i teneste. Johannes var gift med Sofie Hegnar frå Oslo, dei hadde ingen born.

Grava har blitt fornya og stelt av ein bror og hans born etter at Sofie flytta tilbake til Oslo.

Johannes er den einaste som har vore prest på Bruvik som er gravlagt på kyrkjegarden der. I våpenhuset i Bruvik kyrkje heng det bilete av han saman med dei andre prestane som har vore knytte til kyrkja.

Mitt ynskje er at utgiftene til festing blir tatt over av fellesrådet eller dei som har ansvar og myndigheit over gravplassen.

Dei har fått faktura på festeavgift på grava som dei vil slette å betale.

Svar frå spesialrådgjevar i KA:

Både privatpersoner, lag og foreninger har meninger om hvilke graver man bør ta vare på. Her er det kommet et ønske om at graven etter en prest bør fredes. Først vil jeg si noe om bruk av ordet 'freding'. I gravplassforskriften brukes ikke dette ordet når det gjelder gamle graver som har historisk interesse. Der snakkes det om bevaring. En formell fredning etter kulturminneloven kan bare gjøres av fylkeskommunen og Riksantikvaren.

I Gravplassforskriften § 27 står det:

"Gravplassmyndigheten kan vedta at områder av gravplassen eller enkeltgraver med gravminner og annet utstyr skal bevares. Slikt vedtak kan bl.a. gjøres dersom gravminner på et område av gravplassen eller en grav er av en viss alder, at det representerer en stilhistorie, har et lokalt særpreg i form eller materialbruk, gir uttrykk for en interessant personalhistorie eller er unikt.

Gravplassvedtektene skal inneholde egne bestemmelser for de områder eller graver som vedtas bevart."

Det er snakk om bevaring, og det er ikke en formell fredning.

Det kan komme ønsker om at enkeltgraver bør tas vare på av gravplassmyndigheten, men dere må selv gjøre en vurdering om denne enkeltgraven er så historisk interessant at der vil overta ansvaret for den. Hvis det er en fester i dag, så råder denne festeren over graven, og dere kan ikke kreve at vedkommende sier opp festet.

Selv om dere overtar ansvaret for graven så er det ingen plikt til å ha et plantefelt på graven. Det som kan komme av utgifter er eventuell oppretting hvis gravminne blir skjevt.

Dere kjenner best lokale forhold, og jeg tenker det kan være lurt å tenke nøye gjennom hva slags bevaringsstrategi man ønsker å ha. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark har laget en veileder i bevaringsarbeidet som er nyttig å lese, og som gir gode tips.

<https://www.gravplassveileder.no/nb/vern/>

https://www.gravplassveileder.no/siteassets/dokumenter/2018.09.18_verneplan-for-gravplass-veileder_oppslag-til-web_enda-lette

Carsten Furuseth

spesialrådgiver

Avd. for kirkebygg og gravplass

Forslag til vedtak

Kyrkjeverja imøtekjem spørsmål om bevaring av denne grava og krediterer faktura. Den vil ikkje bli stelt av Osterøy sokn.

Vedtak

Grava og steinen vert bevart i 30 år framover. Faktura vert kreditert. Grava vert ikkje stelt av Osterøy sokneråd.

034/25 FR - Søknad om vidare permisjon frå Osterøy sokneråd

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	28.08.2025	034/25

Saksframlegg

Soknerådsmedlem Mariann Aasheim har søkt om vidare forlenging av permisjon frå Osterøy sokneråd.

Vedtak

Søknaden vert godkjent for eitt år, og kan også utvidast ut perioden.

035/25 SR - Diakoniplan

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	28.08.2025	035/25

Saksframlegg

Astrid Marie har utarbeida eit utkast til diakoniplan. Det er fint om de les gjennom den og ser om det er meir å legge til.

Forslag til vedtak

Soknerådet godkjenner diakoniplanen.

Møtebehandling

Sokneprest Astrid Marie gjekk gjennom diakoniplanen og informerte om dei fire ulike delane:

1. Nestekjærleik. 2. Inkluderande fellesskap. 3. Vern om skaparverket. 4. Kamp for rettferd.

Det er ønskje om å få til eit Diakoniutval på sikt. Diakoniplanen skal legges ut på "Kirka vår" innan januar 2026. Når den ligg der kan ein søkje på tilskotsordningar.

Vedtak

Osterøy sokneråd godkjenner diakoniplanen med litt bearbeiding av innhaldet og ber om at den etterpå vert lagt ut på "Kirka vår".

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.08.2025	00011

00011 Informasjon frå kapellanen Ida Greve

Informasjon

Ida vil fortelje litt om konfirmantarbeidet til soknerådsmedlemmene.

Ida vil lage ein skikkelig konfirmantplan slik at konfirmantane skal få ei god oppleving av å vere konfirmant. Presentasjonsgudstenestene vert spredt utover heile hausten. I Gjerstad kyrkje vil det kome eit sorgseminar. Lysmessa vert i Bruvik kyrkje, sjølv om det ikkje er konfirmantar i Bruvik i år.

Raknestunet er bestilt til leir i januar. Her trengs det fleire voksne som kan hjelpe til. Kan medlemmer i soknerådet stille som nattevakt eller spele fotball i gymsalen? Saka kjem opp igjen i møte i oktober.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.08.2025	00012

00012 Roar Moen har meldt flytting til Arna.

Informasjon

Varamedlem Roar Moen har flytta til Arna og går difor ut av Osterøy sokneråd.

Han var 4. vara på lista.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.08.2025	00013

00013 Anine og "Kirka vår"

Informasjon

Det blei avtalt på sist møte at vi ønskte å invitere Anine ein gong til og informere om "Kirka vår". Anine er sjukemeldt og dei andre på bispekontoret er bortreist 28.august.

Vi inviterer Anine på nytt til møte 30.oktober. Dersom ikkje ho kan stille spør vi andre på kontoret i Bjørgvin bispedøme.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.08.2025	00014

00014 Permittering av kyrkjegardsarbeidar

Informasjon

Oddvar Høgli har fått innvilga permisjon frå 8.september og ut året. I hans stad har vi leigd inn Roger Birkelund til oppgraving av grav og til å fjerne gravsteinar der festar ønskjer grava sletta. I kyrkjetenarfunksjonen i gravferdene er Finn Røslund leigd inn via sitt firma. Begge har eige firma og vil sende rekning til soknerådet.

Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 28. august 2025

Navn

Bjarte Hammer Aarland

Dato

2025-09-03

Navn

Kari Vevle Reigstad

Dato

2025-09-03

Identifikasjon



Bjarte Hammer Aarland

Identifikasjon



Kari Vevle Reigstad



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))